


Heit sumar med Hagtvet



Med lågt presisjonsnivå og rekognosering basert på ryktebørsen dundra Bernt Hagtvet laus ei skikkeleg breidside mot ml-rørsla i sumar. Side 5

Fillerist Ryssdal-utvalet!


NEI TIL MARKNADSMAKT!

JÅ TIL OFFENTLEG STYRING AV NORSK UTDANING!

Side 3-4

Tid for oppbrot – kapitalismen er kaputt

I fjor var det hundre år sidan boka *Kva må gjerast?* kom ut i Russland. Forfattaren var Vladimir Ilitsj Uljanov, frå det revolusjonære undergrunnsarbeidet kjent som Lenin. Lenin som leidde den største revolusjonen mellom den franske i 1789 og den kinesiske i 1949, hadde eit sjeldsynt politisk talent, det må jamvel mot-standarane hans vedgå. Side 6-8



Irakisk hengjemyr

Irak har vorte den hengjemyra vi vona det skulle verta for amerikanarane. Vår kristelege statsminister har drege Noreg inn som del av okkupasjonsmakta i den illegitime krigen og som medansvarleg for daglege drap på sivile irakarar. Vi forsvarar det irakiske folket sin rett til å kjempa mot okkupantane med alle midlar. Side 2

Tull om revolusjon

Enkeltpersoner og grupper forsøker å tilpasse sosialismesynet sitt til de borgerlige kritikerne. Vi mener resultatet aldri vil kunne lede fram til sosialisme, langt mindre et klasseløst samfunn. Humanistisk revolusjon er bare nytale for det vi så langt har kalt sosialdemokrati, som verken er særlig sosialt eller demokratisk. Side 2

KVA MÅ GJERAST?

Artiklar som er underteikna,
treng ikkje vera i samsvar
med NKS sitt syn.

Bladet tek imot stoff frå alle
som ikkje gjev uttrykk for
meningar som bryt sterkt
med intensjonen til bladet.

OM NKS

Med marxismen-leninismen
som rettesnor, driv vi
politisk arbeid mellom
studentar og tek del i
klassekampen på
arbeidarklassen si side.

NKS meiner akademikarane
har ei oppgåve innanfor dei
politiske og folkelege
rørslene som finst. Vi vil
arbeida for at akademikarar
og studentar vel rett side i
dei store, globale stridene
og i dei mindre, heimlege
konfliktene folk står oppe i.

Akademikarar har eit
serskilt ansvar i høve til
kunnskapsproduksjonen.
Det er heilt naudsynt at
studentar, forskarar og
andre intellektuelle er
opptekne av emne som
tener vanlege folk, ikkje
berre det som næringslivet
vil betala for.

Samstundes må studentar
stå saman og stri for sine
eigne, nære interesser når
desse vert sette under åtak
frå borgarskap og regjering.

■ Redaksjonelt

Irakisk hengjemyr

I førre nummeret av *Kva må gjerast?* ynskte vi at krigen mot Irak måtte verta lang og blodig for USA. Det har den vorte. Vi ynskte det ikkje av vondskap, men som einaste måte å forhindra at USAs imperialism skal råka andre land i regionen på same viset.

Okkupasjonsmakta drep sivile irakarar kvar dag, men det er mest berre dei drepne amerikanske soldatane vi får høyre om her i landet. Amerikanarane ser no alle irakarar som fiendar, nett slik dei gjorde det i Vietnam, og som resulterte i massakrar.

Nok ein gong, folk som kjempar mot okkupantar, for å frigjera landet sitt, er ikkje terroristar. Det er kvar irakar sin rett og plikt å gjera det dei kan for å kasta okkupantane ut.

Vi er glade for at Sameinte Nasjonar ikkje har vorte samde om ein ny resolusjon som vil gje SN ei større rolle og ansvar i Irak. Det er USAs ansvar å sørgja for tryggleik og attoppbygging av Irak. Og det er USA som skal bera



kostnadene. Vonleg vil tapa av soldatar og dei enorme utgiftene spolera G.W. Bush sine sjansar for attval og dimes stogga utviklinga av fascismen i USA. Det bør svi å invadera andre land og attpå lyga til verdssamfunnet om kvifor.

Diverre har Bondevik og gjengen hans lukkast i å dra Noreg inn i denne krigen òg. Nok ein gong er Noreg i krig, og vi er ein del av okkupasjonsmakta. I det politiske miljøet på Stortinget råder tystnaden. Ein skulle tru at Noregs deltaking i ein illegitim

åtakskrig på eit suverent land ville vera opphav til større debatt. Med eitt har Bondevik si regjering gjort Noreg til ein fiende i den arabiske verda. Etter Oslo-avtala er allereie «Oslo» eit skjellsord i Palestina, både av di avtala var ein fiasko, og av di ho var altfor dårleg for palestinarane.

Det verkar kan henda kaldhjerta å ynskja størst moglege tap

mellom soldatane i Irak. Den einskilde soldaten er ikkje skuld i overgrepa regjeringa hans står for. Men krig, i likskap med revolusjon, er ikkje eit teselskap, og menneske dør i krig. Diverre verkar det som om det er ei sanning kvar generasjon må læra sjølv, medan dei imperialistane som veit det svært godt, ikkje bryr seg.

Tull om revolusjon

«Det finnes tusenvis av revolusjonære i min hjemby Bergen. Det er ikke mye om å gjøre før RV blir et ti-prosentsparti. Og RV er for «revolusjonen» – «en omveltning der folk flest tar makta og rikdommen» – «en demokratisk handling i en kaotisk situasjon», som det står i prinsipp-programmet. Også SV er på offensiven. Partiet er ikke revolusjonært, men på venstresiden i SV finnes dem som ikke har senket de revolusjonære faner. Og Sosialistisk Ungdom (SU) betrakter seg selv som del av «den demokratiske revolusjonære

venstresida».

Slik begynner statsviter Cathrine Holst en kommentar i Klassekampen 30.09. Dette er jo svært så optimistisk. Vi på vår side tror ikke alle som stemmer på RV eller er medlemmer av SU, nødvendigvis er så særlig revolusjonære.

Men videre forsøker hun å tilpasse sosialismen sin til den konservative Bernt Hagtvedts kriterier. Det hun kaller humanistisk revolusjon minner fint lite om revolusjon, verken i teori eller praksis. Hun ser bort fra at revolusjon nødvendigvis vil medføre vold, og enkeltindividet

og mindretallets rettigheter skal respekteres fullt ut.

De siste nitti årene har dette vært kalt sosialdemokrati. Slik kan det gå når en lar borgerskapet diktere teoriutviklingen, men noen revolusjon blir det ikke av det.

Fillerist Ryssdal-utvalet!

Skal universitet og høgskular kunna gå konk? Skal dei økonomiske byrdene til studentane aukast? Er det kapitalen som skal leggja premissane for kva det skal forskast på og undervisast om ved dei høgre lærestadene i Noreg? Dette er viktige spørsmål i vår tid som studentane må spørja seg no som Ryssdal-utvalet har lagt fram tilrådingane sine.

Konklusjonen om at universitetet ikkje lenger skal vera ein del av staten, men ei sjøveigande stifting kjem ikkje som lyn frå klår himmel, endå fleire hadde venta at dei heller ville ha nytta nemningane særlovsselskap eller føretak. Framlegget er heilt i tråd med universitetspolitikken til staten dei siste åra, med Mjøs-rapporten (2000) og Giske-reforma (2001) som toppunkt til no. Høgreregjeringa åt Kjell Magne Bondevik skal no verkeleggjere det synet Victor D. Norman stod for i Mjøs-utvalet og som fleirtalet av medlemene i utvalet òg hadde: Dei ville skilja universiteta ut frå staten.

Del av staten eller i statleg eige Tilknytingsforma til staten kan grovt inndelast i to hovudkategoriar: 1) Forvaltningsorgan, forvaltningsverksemdar og forvaltningsorgan med serskilte fullmakter, som alle er delar av staten, statsverksemdar. 2) Særlovsselskap, statsføretak, stiftingar, statsaksjeselskap og aksjeselskap med private eigarluter, som staten eig, men som elles er utskilde frå staten. Ryssdal-utvalet (fleirtalet) går inn for det sistnemnde, eit mindretal på 3 av 10 vil at universitetet skal halda fram som forvaltningsorgan med serskilte fullmakter. I dag fastset staten til vanleg detaljert budsjett for verksemdar som er del av staten. I verksemdar som staten eig, er innverknaden til staten avgrensa

til generalforsamlinga eller noko tilsvarende.

Trenden i det seinkapitalistiske samfunnet går i retning mindre og mindre makt lagd til dei demokratisk folkevalde forsamlingane og meir og meir makt til styrerom og byråkrati. Staten vil framleis kunna dirigera drifta til dei statsatte verksemdene gjennom representantane som regjering og byråkrati har plukka ut. I namnet er staten ikkje lenger so tungt inne, det heiter seg at institusjonane har fått større sjølvstyre og valfridom. I gagnet er det statsbyråkratiet som har amputert det parlamentariske demokratiet og rydda vegen for samrøre mellom statleg og privat kapital med redusert makt for folk som arbeider og studerar.

Ingen opptur med føretaksmodellen

Kva er røynslene til no med dei fristilte statsverksemdene i Noreg? Då sjukehusa vart statsføretak, skaut leiarlønningane i veret. I dag har universitetsdirektøren hemeleg løn, og med ny tilknytingsform kan fleire løningar haldast løynlege. Når sjukehusa har opplevt økonomiske problem, har staten ikkje kjent noko ansvar for å hjelpa til. Statsføretaka skal fungera etter same lovene som moderne produksjons-

verksemdar. Den usynlege handa i marknaden er gjord til ein avgud. Boka *Når helse blir vare* av Olaug Lian, postdoktor ved Universitetet i Tromsø (UiTø),

viser greitt kor mislukka freistnaden med sjukehusføretak var i New Zealand. Der vart sjukehusa offentlege att etter sju år som føretak. Då dreiv 21 av 23 sjukehusselskap med underskot, ventetida på å få lækjarhjelp auka, forskning og utdanning vart nedprioritert og enkel og billeg lækjarhjelp gjekk føre vanskelege og dyre diagnoser. Kvalitetsheving? Neiggu om det var! New Zealand avskaffa føretaksmodellen i 2000.

Tettare oppfylgjing?

Gunnar Hartvigsen ved UiTø har sett på dei økonomiske konsekvensane av den sokalla "kvalitetsreforma", og utrekningane hans viser at tendensen til kraftig kvalitetsnedgang gjer seg gjeldande. Serskilt får hovudfagsstudentane dårlegare studietilbod, medan lågaregrads undervisning med masseførelingar kjem best ut. Hartvigsen spår at studietilbodet må snevrast inn og at studentane vil få dårlegare oppfylgjing av lærarkreftene. Med den nye budsjettmodellen som fylgjer reforma, vil Institutt for informatikk i Tromsø kunna ta opp 2-3 søkjarar til hovudfag, mot før 5-10. Tromsøværingen kallar det "en de facto nedlegging av det tradisjonelle hovudfagsstudiet med tett og individuell veiledning".

Ut med rektorvalet

Marknadsliberalistane vil samla all makt i universitetsstyre, etter prinsipp om einskapleg leiing. Den nye universitets- og høgskulelova frå i fjor opnar for tiltak som utholar medråderetten til dei tilsette og fremjar stramt hierarki og overformynderi. Rektor, prorektor, dekanar og prodekanar kan tilsetjast, ikkje veljast av tilsette. Fakultsstyre kan



Anders Ryssdal, forretningsadvokat og spesialist på EU-/EØS-rett.

■ Høgare utdanning

byttast ut med fakultetsråd. NTNU i Trondheim har kome lengst og skal i gang med forsøksprosjekt med rektor tilsett på fire år frå våren 2004. Då saka var oppe til drøftings i NTNU-styret, fann Christian Thommessen, som ekstern styremedlem, det for godt å streka under at korkje han eller dei andre eksterne var Kristin Clemets trojanske hestar! Dei sat til dømes ikkje attmed einannan på flyturen til og frå Trondheim ... Dei eksterne trumfa gjennom viljen sin, trass i sterke protestar frå dei tilsette, medrekna vedtak frå Filosofisk institutt som kalla framlegget eit overgrep. Med einskapleg leiing peikar lojaliteten oppover, kontroll og rapportering vil auka på, og for grunnplanet i institusjonen vert det vandare å verta høyrte.

Kapitalen jaktar på marknader Samstundes som me blæs til strid mot Ryssdal, må me ha klårt for oss at denne utdanningspolitiske lina ikkje er eit utslag av skumle planar hjå vondkyndte, utspekulerte politikarar. Tvert om, dei ter seg som fangar og lydige tenarar av systemet som dei alltid har gjort. Kapitaleigarane som har bukta og bae endane i staten, ser seg om etter nye investeringsarenaer og har kasta blikket på tenestektoren. Difor pressar no stormaktene på gjennom WTO og EØS for konkurranseutsetjing og oppdeling av infrastruktur (tele, straum, vassforsyning, jarnbane, vegvedlikehald, m.m.)

og andre offentlege tenester (helse og omsorg, utdanning). Dersom det finst private aktørar i ein bransje, skal ikkje offentlege tenesteytarar favorisierast. Sparelina til staten er soleis berre ein del av eit større bilete, der kapitalen ekspanderer inn i sektorar som har vore relativt skjerma til no.

Skulepengar – ei vonlaus sak

Framlegget om skulepengar har naturleg nok vekt harme mellom studentane, og på Stortinget ser det heller ikkje ut til å vera fleirtal for det no. Karita Bekkemellem Orheim i DNA har uttala støtte til prinsippet om

lik rett til utdanning og får fylgje av FrP, Sp, SV og V. Kampen mot studieavgift er ei viktig sak som del i motstanden mot Ryssdal, men likevel berre ei av fleire som det må reisast strid imot. I EU-land som England har det vorte innført høgare studieavgifter, og i andre land kjenner me òg til nye åtgjerder for å avgrensa talet på studentar. So vaklevorne som norske stortingspolitikarar er, kan det godt henda dei landar på ei løysing med ei ullen opning for å innføre skulepengar. Men denne saka, som ikkje minst har fått sosialdemokratiet til å vakna opp

og ropa om ideologisk tingingssverk frå høgresida, kan godt framstå som ein avleiingsmanøver for å losa ein føretaksmodell, med det meir tillitvekkjande namnet stifting, gjennom i Stortinget.

Kampen mot Ryssdal gjev oss eit nytt høve til å debattera Giske-reforma som på etter måten kort tid har vorte trødd ned over hovuda på studentar og tilsette. Mjøs, Giske og Ryssdal er tre alner av same stykket, og Clemet er deira profet. I botnen ligg ideen om livslang læring (kodeordet for akademisk arbeidsløyse),

effektivisering, og nedbygging av offentlege velferdsgode, opparbeidde gjennom generasjonar. Dette er abdikasjonen til borgardemokratiet, kontrarevolusjonen ovanfrå retta mot krefter som fremjar samfunnskritikk og gjev støtte til kampane arbeidarklassen fører.

I røynda peikar dette mot snik-lukking av universiteta og nye steg på vegen mot eliteinstitusjonar der born av storborgarskapet får fyrsteretten og tryggjar seg dei fremste vitskapsmennene til lærarar. Nye avdelingar av amerikanske og

engelske utdanningsinstitusjonar vil kunna etablera seg og gjera krav på same offentlege støtte og gjerdar seg inne bak høge skulepengar og ymse opptakskrav. Leiaren for mindretallet i Ryssdalutvalet, Rigmor Austgulen, nemner konkret trugsmåla frå EØS-avtala med krava om likehandsaming mellom offentlege og private aktørar som ligg der.

- Sådan er kapitalismen

NKS er ikkje overraska over denne utviklinga. Me er ikkje moralsk opprørte over at stat og kapital går hand i hand, aukar klasseskilja og riggar ned landevinningane frå den borgarlege progressive revolusjonen. Dette er kapitalismen i vår tidsalder, som har overvunne alle sosialistiske statar og lagt lok på kampkrafta i arbeidarrørsla gjennom sosialdemokratiet. Studentane kan slå attende nokre av dei grovaste uttrykka for oppmarsjen til monopolkapitalen, mellombels og halvvegs, men utan å retta skytset vårt mot trollet sjølv, diktaturet til finanskapitalen under imperialismen, kan me ikkje vinna nokon varig siger. Endelaus, uttværande tautrekking med borgarskapet fører diverre ikkje fram. Difor trengst det fleire anti-kapitalistar som stør revolusjon, proletar-diktatur og kommunisme.



Kristin Clemet

- Alle som får karakteren A er best!

Det nye karaktersystemet skaper problemer når blant annet det skal avgjöras hvem som skal få plass på profesjonsstudiet i psykologi. Alle med A vil ikke kunne få plass, på langt nær. Instituttet vil derfor måtte trekke lodd, noe som verken lærere eller studenter er særlig tilfreds med. Spesielt føler studenter som ville fått karakterer på ett-tallet med det gamle systemet, at det er blodig urettferdig at andre med

karakterer som lå rundt 2,5, i utgangspunktet vil stille likt med dem.

SVs Rolf Reikvam, som er leder av Stortingets utdanningskomite, synes det er helt i orden. Til Dagsavisen sier han: - Alle som får karakteren A er best! Vi har lenge ønsket oss en mer grovmasket karaktervurdering, og det er jeg glad for at vi nå har fått.

NKS har aldri vært tilhengere



av bokstavkarakterer. Det er helt ubrukelig som evalueringsredskap, både for lærestedet og for studenten selv. Når det er sagt, selvsagt burde det være nok plasser til alle som er interessert i profesjonsstudiet. Men vi vil tro Rolf Reikvam neppe vil oppnå en A med sitt forståelsesnivå.

Rolf Reikvam, ikke en A-kandidat.

Heit sumar med Hagtvet

Med lågt presisjonsnivå og rekognosering basert på ryktebørsen dundra Bernt Hagtvet laus ei skikkeleg breidside mot ml-rørsla i sumar.

Påstandane hagla: a) Våpentrening, b) å vera viljug til å drepa nære skyldfolk, c) støtte til folkemord i Kampuchea, d) bortimot nazistiske haldningar (serleg retta mot den svenske ml'aren Jan Myrdal), vakkert dandert med under beltet-spark til framskotne norske kommunistar. Hagtvet la opp til eit skjellsordprega agurk-ordskifte der førskulelærarar, som har lært lekse si, raga over ein oppblåsen statsvitskapsprofessor i intellektuell kraft.

Som ein gamal eks-ml'ar skreiv i ei vekesavis eit stykke uti "debatten": Ut ifrå kva visse folk brukar sin stand og stilling til, er det mest synd at me ikkje lukkast med å gjera revolusjon i 70-åra ...

Til a) og b) mangla Hagtvet dokumentasjon og datt saman som ein tom sekk. Når det gjeld våpentrening, bør ikkje pasifismen i dei krinsane Hagtvet ferdast, få han til å gløyma at framimot helvta av det norske folket har lært å drepa fiendar i forsvaret (huttetu!), og tusenvis er medlemmer av friviljuge skyttarlag og pistolklubbar. Jakt i skog og mark er eit folkeleg fenomen, ikkje reservert ein elite, slik som i England. Drepa skyldfolk er toppmålet politisk stigmatisering, men i Rjukan var motstandsfolka under krigen viljuge til å sprengja båten med tungtvatnet om bord same kven det var som reiste med som passasjerar. Uhyggjeleg, ja, men naudsynt for å stogga Nazi-Tyskland, slik det vart vurdert av det "demokratiske England", vertslandet til den norske regjeringa. Hagtvet elsker det borgarlege demokratiet som vart utfordra av "ekstreme krefter til venstre og høgre" i mellomkrigstida. Synd han då ikkje hugsar at dei same "demokratia" heldt seg med dei største koloniimperier verda hadde

sett, og godtok Nazi-Tysklands annekasjon av Austerrike og Tsjekkoslovakia, det einaste "demokratiet" i Mellom-Europa. 40 millionar menneskeliv kosta 2. verdskrigen, ein krig som kunne ha vore hindra hadde vestmaktene kome til semja med Sovjetunionen, som gong på gong gjorde framlegg om kollektiv tryggleik. Men hatet mot Stalin blendar Hagtvet og kompani. Oppveksten under den kalde krigen har vel sett djupe spor i sjel og sinn, som gjev ein



statsvitar rikeleg høve til meditasjon. Då er det heller ikkje so rart at eit lite land som Demokratisk Kampuchea, som korkje USA eller Sovjet stødde, vert råka av harmen til ein fredselskande norsk professor (c). Raude Khmer høver ikkje inn i svart-kvitt-paradigmet hans: Ein bonderevolusjon i eit land pint og plundra av fransk og amerikansk imperialisme i titals år, eit djervt eksperiment for sjølvberging og oppbygging, kvelt av borgarkrig, etnisk konflikt og vietnamesisk intervensjon. Kor mange som døydde i bomberegner, svolt og massakrar, vil me aldri få noko visst svar på, det finst ikkje litande statistikk. Uavhengige granskarar har kome til mykje lægre tal enn

amerikanske demagog-historikarar. Likteljing eit kvart hundreår seinare kan lett manipulerast. Rettssakene no vil vera ein sein hemn over dei spreidde restane av geriljaen, ei førestelling for å leggja skodde over dei millionane som vart drepne av amerikanarane i Indokina på 1960- og 70-talet. Det vil òg, kjærkome, føra rampeljoset bort frå uretten i dag i Afghanistan, Irak og Palestina. Hagtvet vil inn i EU for å demma opp for USA. Men EU væpnar opp med Eurofighter og Airbus transportfly. Er ikkje ei supermakt ei for mykje? Er det betre med to? Den kalde krigen om att, eller skal me ta sjansen på ein varm ein?

Kommunistar og nazistar er like låke i augo åt den ovkloke vismannen i Eilert Sundts elfenbeinstårn (d). Synd for han at livet står so langt frå læra hans: Ikkje noko land ofra meir i striden mot nazismen enn Sovjet. Kommunistane var dei fyrste som nazistane arresterte og sende i konsentrasjonsleir. Og norske kommunistar var lenge dei einaste som kjempa aktivt mot den tyske nazistiske okkupasjonen av Noreg. Dette veit det norske folket, men Hagtvet gøymer seg i elfenbeinstårnet sitt. Der ser han ikkje at Aftenposten, den avisa han sjølv er godtsom fast spaltist i, i trettiåra ville gje Nobels fredspris til Adolf Hitler. Avishuset Schibsted, som eig Aftenposten, var av dei største krigsprofitørane. Men Hagtvet trengst for Aftenposten og norske kapitaleigarar i ei imperialistisk ulvetid. Nyttig idiot, sa Lenin.

Tid for oppbrot – kapitalismen er kaputt

I fjor var det hundre år sidan boka *Kva må gjerast?* kom ut i Russland. Forfattaren var Vladimir Ilitsj Uljanov, frå det revolusjonære undergrunnsarbeidet kjent som Lenin. Boka handla om korleis dei russiske kommunistane (som fram til 1917 kalla seg sosialdemokratar) best kunne organisera seg for politisk arbeid fram imot revolusjonen, verkmidlet for å kunna nå det endelege målet, det klasselause samfunnet, kommunismen.

Ein skeptisk lesar vil sikkert rynka på nasen og spørja seg kva ei meir enn hundre år gamal bok av ein utskjelt revolusjonsleiar har å seia oss i dag. Men skepsis farga av den litt sjølvnøgde rådande haldninga i dagsens samfunn bør ikkje halda oss unna å lesa politisk klassiske skrifter frå ei tid med store sosiale og økonomiske endringar like utanfor den trygge norske stovedøra. Lenin som leidde den største revolusjonen mellom den franske i 1789 og den kinesiske i 1949, hadde eit sjeldsynt politisk talent, det må jamvel motstandarane hans vedgå.

Berre tolmodig kamp innanfor råmeverket?

Den fagre fasaden kapitalismen stilte opp i etterkrigsåra, er i ferd med å forvittra fort. Kapitalen viser musklar på nytt i form av privatiseringar, avregulering og nedbyggjing av offentlege velferdsgode. Sosialismen er for langt nedkjempa i alle land, medrekna landa der herskarane gøymer seg under sosialistisk frakk til dags dato. Utan nokon potensiell utfordrar som er i stand til å gjera han rangen stridig, boltrar den vestlege kapitalen seg uhemma. Viktige nyvunne skansar for kapitaleigarane er WTO og ØMU, i Noreg har me EØS-avtala. Slutten av den kalde krigen varsla om ein ny, varm krig: Forsterka åtak mot alle verdsens folk, både arbeidarklassa og fattigbøndene, innringing og nedvalsing av statar som set seg opp mot Washingtons diktat. Under Reagan nøgde amerikanarane seg (som oftast) med å sprøyta inn midlar til lokale leigesoldatar som kunne gjera grovarbeidet for supermakta, tak t.d. kontras-styrkane i ei rad

mellomamerikanske land. I og med det sovjetiske havariet i 1991 kunne USA setja inn nye kraftigare skyts mot fiendane sine og gå sjølv, på Balkan, i Gulfen og i Afghanistan, for å nemna dei mest omtala krigsteatra. Politi- og etterretning vert no bygde opp i mykje større skala enn då otten for KGB-agentar herja i Vesten, og satellittar og alskens data-overvaking gjer òg høvet til å kontrollera innbyggjarane i eit samfunn lettare enn før. Militærapparatet får ein meir offensiv karakter under namn av å slått mot terrorisme og spreiding av masseødeleggjingsvåpen. Media og pressa, som har vorte samanslegne og konsentrerte i hendene på store mediemogular, dekkjer stort sett dei same hendingane same kva politisk farge dei i si tid sa seg representera, og spelar på lag med annonsørane og kapitalen. Mot dette uhyret som lyfter hovudet sitt og rasar fram over heile kloten, er det viktig at alle demokratiske og fredelskande krefter slår lag og kjempar mot dei verste utslaga av kapitaloffensiven over ein breid front. Me må stri for det borgarlege folkestyret, som borgarskapet reiste, men no sviktar, for dei rettane arbeidarørsla vann i den tidbolken det fanst sosialistiske statar i verda som gjennom sine førebilete øvde trykk på vesten, for nasjonalstaten, som står mot og avgrensar herredømet til den internasjonale kapitalen. I neste omgang dreier dette seg om å demma opp for ein ny fascisme, ikkje ytre sett slik som det ovra seg i Italia og Tyskland 1922-45, men med nye undertrykkjande og folkefiendslege åtgjerder for arbeidarklassa med allierte. Å

kjempa for folkestyret er ikkje tilstrekkeleg. Dei progressive som slår seg til tols med evig mas om å lindra utslaga av intensivert kapitalisme, fyller ikkje rolla si som føregangsmenn for ei ny tid. Omgrepet revolusjon må blankpussast og framhevast som eit alternativ til vedvarande lønsslaveri, utbyting og utsuging av u-landa.

Revolusjonen – ytre vilkår og indre føresetnader

Dei siste tre-fire åra har slagord om sosialistisk folkestyre gjort seg gjeldande innanfor ungdomen på venstresida. So lenge slike slagord gjev kveik til lengten bort frå kapitalismen, bør me helsa dei velkomne. I dette fredelege, feite nordvestre hjørnet av verda trengst det meir til utolmod og gjæring. Men samstundes har den nye pågangen frå ungt raudt venstre hald vore para med eit fordømande og nedlatande syn på freistnadene på sosialistisk oppbyggjing på 1900-talet. Utan å ta utgangspunkt i dei faktiske samfunnstilhøva som russiske og kinesiske kommunistar hadde då dei gjekk i gang, kan me ikkje verdsetja resultatene av arbeidet deira korrekt. Jamvel med den tekniske framgangen og auken i folketal produktivkrefter Noreg har opplevd gjennom det førre hundreåret, er det berrsynt at eit sosialistisk Noreg etter ein revolusjon vil slita med store problem som berre langsiktig satsing kan rå bot på. Me må leggja materialismen til grunn og ikkje drøyma oss bort i kortsiktig og forlokkande eventyrpolitikk. Kanskje vil den nye sosialistiske staten måtte kjempa for livet mot intervensjonsherar eller blokadar, som gjer at me den fyrste tida må

basera oss på større grad av sjølvberging. Ein norsk revolusjon kan koma i samband med eit større internasjonalt samanbrot, krigar mellom EU, USA, Russland og Kina, der me som delvis frittståande land anten vert dregne inn eller skjer unna dei hardaste samanstøytane. Det er ikkje lenger vanleg å sjå nemninga etterkrigstida nytta på samtida vår i dag. Kan henda me heller burde tala om ei *førkrigstid*, eit førespel før ein konfrontasjon der ei av stormaktene til slutt ser seg lei på USAs hegemoni og vil setja hardt mot hardt. Same korleis omstenda enn vil te seg, er det no klårare enn før at noka gradvis uskadeleggjering av kapitalismen gjennom reformer, verkar usannsynleg i overskødeleg framtid. Det trengst skarpare lut. Me må stoppa dei rikkande bombene som trugar med å sprengja rådeverket til kapitalen og ta jorda og eksistensformene med seg i same sluket. Knappe ressursar, fattigdommen som viser seg gjennom stigande folketal og utsveltning av millionmassar i i-landa, miljøkrisa med oppverming av kloten, krigstrugsmåla frå USA, trældomen under alkoholisme og narkotika som passiviserer folk jorda rundt, finanskapitalen og kjempekonserna med megamakt som dei borgarleg-demokratiske foraa kan skjota ei kvit pil etter – kapitalen viklar seg meir og meir inn i ein uløseleg vase av motsetnader som får antagonistisk art: Problemet må rydjast av vegen med eit sprang opp på eit høgre nivå, gjennom revolusjon.

Fortroppen og massane

Det er nettopp i denne samanhengen at teoriane til Lenin vert interessante. Han talar om at det må byggjast opp organisasjonar av yrkesrevolusjonære, som gjer striden for arbeidarklassa og alle andre undertrykte til si personlege sak. Ein revolusjon krev høg grad av samordna innsats og felles krafttak, og denne handlinga kan ikkje gjennomførast utan at nokon går i bresjen og tek initiativet. Med god kjennskap både til teori og praksis kan misnøye og uvilje mot

dei rådande tilstanda først fram til eit brått, konstruktivt og varande omskifte, ikkje kaos, innbyrdes kiv og spreidde opptøyar, som kapitalistklassa lett kan kvæla med valdsapparater sitt. Sjølv kjernen i kommunismen handlar nett om å gripa den historiske oppgåva til arbeidarklassa, vera både del av og leiarskap for arbeidarklassa og velta den borgarlege staten over ende. I ruinane av kapitalstaten må ein ny statsbygning reisast, eit proletardiktatur, som vernar interessene til det arbeidande folket mot ytre fiendar og kontrarevolusjonære krefter

istiske revolusjonane me har nemnt. Problemet deira botnar i mangelfull forståing av klassesamfunna, som både kapitalismen og sosialismen er, den sprangvise og ujamne voksteren under imperialismen, og eit forenkla syn på demokrati og diktatur, ein arv frå den gongen borgarskapet skreiv revolusjon på fanene sine. Venstresida i Noreg i dag passar nøye på å markera fråstand til kuppaktige palassrevolusjonar, som godt er, men ho gløymer for lett at alle klasser alltid har hatt ein fortropp, eit fremste sjikt, som har gått i brodden og teke dei



innanlands. Imot Lenin står ymse venstregrupper som slæst under parolar om at "revolusjonen skal vera klassas/folkets eige verk", "arbeidsfolk skal styra sjølv", "garantert organisasjons-, ytrings- og prentefridom for alle grupper etter revolusjonen", "røysterett for det eksproprierte borgarskapet", m.m. Det er vanskeleg å seia seg usamd i dei gode intensjonane som ligg bak desse parolane, og dei som brukar desse parolane, vil gjerne framstå som venstre-kritikarar av dei tidlegare sosial-

fyrste stega. Det har lukkast når fortroppen har hatt folket på si side og tillit frå massane i ryggen. Terroristane trur dei kan gjera endringar utan agitasjon og massearbeid – i staden kastar dei massane i famntaket på fascistane. Ein generalstab utan herstyrkar er eit låtteleg fenomen og er vonlaus i oppgjerd med ein mektig og rutinert motstandar som kapitalen er. I det norske samfunnet, som kapitalistklassa styrer i dag, er det ikkje kvar einskild borgar som på rundgang sit på

kommandohøgdedene i samfunnet. Alle klassesamfunn vil ha eit skille på styrande og styrde, endåtil sosialismen, om so målet på sikt er å jamna og viska ut skilnadene på kroppsarbeid og åndsarbeid, by og bygd og andre motsetnader som det nye samfunnet tek over frå det gamle. Me treng ekspertar som kan handverket, politisk, økonomisk, militært og sosialt, til å gjennomføra den revolusjonære omstøytten, på lag med dei breide massane, men det er utopisk å tru alle skal kunna like mykje og det same. Difor har kommunisten og diktaren Rudolf Nilsen rett i diktet sitt "Revolusjonens røst": Utan evnerike og dugande revolusjonære som ofrar seg for saka si, som faktisk handlar på vegner av klassa, men som samstundes held oppe tette og nære band til meinige arbeidarar, kan ikkje maktovertakinga sigra. For kven? er det sentrale spørsmålet me må stella oss. Heile det arbeidande folket må reisast til kamp for landevinningane med den sosialistiske oppbyggjinga, elles er den nye staten fortapt. Fred, brød og jord var viktige saker som gjorde at millionmassane stødde, nokre aktivt, men dei fleste passivt i fyrstinga, bolsjevikerevolusjonen. Folk såg at maktovertakinga svara til interessene deira, og dei solidarisererte seg då intervensjonsstyrkane kom. For kommunistar er både tanken på fortroppen og masselina fundamentalt. Dei herskande tankane er tankane til dei som herskar, sa Karl Marx og hadde rett. Berre eit visst medvite, framskride sjikt vil kunna gå i brodden når den rådande ideologien preikar tillit til eliten, passivitet, giddeløyse og vonlaus maktløyse. Dette framskridne sjiktet, kadrane, finn me i dei folkelege rørsleane, arbeidarrørsla og serskilt i kommunistpartiet og forbunda som høyrer til det. Eit parti, uløseleg samansveisa med arbeidarklassa gjennom strid, streik og kampanjar, må aksla oppgåva og "ta ledelsen i morgen", som det heiter hjå Bertolt Brecht. Handling i ei oppbrotstid krev lærdom (ikkje berre bokleg!) og kunnskap – ein

■ Revolusjon

revolusjon må vera hard, målretta, presis og kraftfull. Spontanitet, improvisasjon og laissez faire-tenkjing høyrer ikkje heime her. Leiinga for revolusjonen vert blind om ho ikkje fer åt i samsvar med ideala og røynslene til massane. Proletariatet må kjenna styremaktene som sine, utan det finst ingen motivasjon til vernebuing og forsvar. Proletardiktaturet er skjold og sverd for arbeidarane. Utan effektiv, sentralisert styring, der trongen til grasrota vert stetta av direktiv som bind organisasjonen, kan all nyreising undergravast og dømast nord og ned. Nedanfrå- og ovanfrå-perspektivet står i vekselverknad til kvarandre og gjev ikkje mening utan dei heng i hop.

Den tidlege sosialismen – ekstraordinære åtgjerder

Der borgarlege statsapparatet må knusast i den forma det har i dag. Like vel kan ikkje sosialismen greia seg utan sentrallakk og eit visst byråkrati, samfunnet har vorte meir komplekst og fingreint etter at Lenin i eit agitasjonsskrift skreiv at "kokkepikene" skulle styra staten. Kor som er, det er mange tiltak under den tidlege sosialismen som ikkje kan verta varige – heile sosialismen er eit overgangssamfunn, med bryting mellom gamalt og nytt. Samfunnet er uferdig og ikkje på noko vis eit glansfullt, lytefritt paradys som fløymer av mjølk og honning. Det må kjempa mot innebrakte fiendar og hardsette fiendar, for at individ og kollektiv skal setja seg nye mål og med. Proletardiktaturet er det stridande demokratiet, der interessekampen går for open scene, avkledd

flitterstasen til reklame og media. Målet om stegvis nedbygging av statsbyråkratiet står fast, slik at under ein mogen sosialisme nærmare ved overgangen til kommunisme vil oppgåvene lettare kunna handsamast av yrkesgrupper som ikkje har utdanning for arbeid i tenesteverket. Dei formelle og uformelle banda mellom dei tidlegare regjerande medlemene av borgarskapet og vanar og kulturelle former som er leivningar etter kapitalismen, gjer at sosialismen ei stund må vera parat til å stå imot opptak til restaurasjon av det gamle styret. Eit fritt og sjølvstendig sosialistisk Noreg vil trenga rikeleg med arbeidskraft til produktivt arbeid. Det norske samfunnet, som i dag snyltar på slaveliknande arbeid i fabrikk-kasernane i Det fjerne Austen, må etter ein sosialistisk revolusjon læra seg å lita på egne krefter. Borgarskapet bør sjølv få kjenna korleis verdiane i samfunnet vert skapte. Den overfloda som den norske overklassa i dag velter seg i, og som arbeidande folk i ymis grad får del i takk vere norsk oljevelde og deltaking i vestleg imperialism, har ikkje oppstått utan blod, sveitte og tårer. Under sosialismen er mottoet: Frå kvar etter evne, til kvar etter innsats. Den som ikkje arbeider, skal heller ikkje få eta. For folk som har levt i sus og dus, gjennom børsspekulasjon, kan det nok opplevast som eit hårreisande overgrep at nokon krev at dei arbeider for føda. Sosialismen vil ikkje kjenna nokon privilegerte soleis.

Demokrati og diktatur

På sosialistisk side ser mange

demokrati og diktatur som motsetningspar, og det er rett. Men med til denne analysen høyrer òg å sjå einskapen i motsetningane. Under kapitalismen er det fyrst og fremst demokrati for dei ressurssterke, for kapitaleigarane, dei som lever av meirverdien arbeidarklassa skaper. Samfunnstypen er slik sett eit dult diktatur, ulikt det opne diktaturet til fascismen. Sosialismen er eit annleis ope diktatur, ikkje av finanskapitalen, men av proletariatet og representantane deira. Gjennom å underleggja eigedom og produksjon samfunnsskontroll, arbeida for det ålmenne vel, vil sosialismen vera eit demokrati i sannare mening enn kapitalismen. Med demokratisk sentralisme vil store diskusjonsrørsler kunne gjennomførast for å finna dei beste utviklingsvegane for sosialismen, her må hundre blommar bløma og tusen tankeretningar brytast. Noka folkerøysting om attendevending til kapitalismen eller val der borgarlege parti skal stilla til val, vil vera meningslaust. To samfunnssystem som står fiendsleg mot kvarandre, kan ikkje mæla krefter i eit urneval. Det gamle herskarsjiktet vil kunna utnytta tilbakeliggjande haldningar og fordømar mot sosialismen til å innsetja seg sjølv på nytt – historia er rik på tilfelle av massesuggesjon av folk som handlar i strid med egne interesser, førde på villspor av populistar og forførarar. Reell fridom er å lyfta samfunnet til eit nivå der alle greier seg sjølve og hjelpa kvarandre på vegen, utan å vera undergjevne og klientar, gjennom positiv og negativ

kritikk styrkja samfunnsoppbygginga og ved skulering og meningsutveksling endra folks hjarto. Demokrati og diktatur er to sider av same sak. Kvar gong kapitalen har kjent seg truga av opprør, har han slege til med jarnneven sin. Forfylgjing og yrkesforbod retta mot norske kommunistar kjenner me frå etterkrigsåra og 70-talet, og statspolitiet har nytta mykje ressursar på å kartleggja progressive for å lettare kunna internera og knusa opposisjon ved krise og konflikt. Avblåsinga av den kalde krigen gav eit lite pusterom, som resulterte i Lundkommisjonen og avsløringa av nitid overvaking av NKP-medlemmer, SV-folk og medlemmer av AKP (ml) og forbunda RU og NKS. Det er difor som venta at støttespelarane til makta, med Gerhard Helsing og Bernt Hagtvet som forgrunnsfigurar, legg seg i selen for å svartmåla norske kommunistar, no som kapitaldiktaturet strammar seg til både heime og ute.

Ein norsk revolusjon utan sterke kommunistiske organisasjonar er dagdrøyming. Folk må reisast til kamp for folkestyre og mot kapitalkreftene, men arbeidande i fabrikk, handel og kontor, helse- og skulestell, fiske og jordbruk vil ikkje få varig framgang med kampen sin utan å stå saman om ein proletarisk revolusjon. Norske kommunistar må sameina seg med massane, auka stridsmoralen og visa vegen. Den fyrste bylgja med sosialisme har lagt seg, den neste kan koma med oss innpå 2000-talet.

Studiering i marxisme

Somme hevdar at marxismen er ein ideologi på historia sin skraphaug. Vi påstår at marxismen er eit fornuftig verkty, teori og analyseapparat for å forstå verda kring oss, historia og vilkåra for å skapa eit betre samfunn.

Kvart semester skipar NKS til studiering. Det gjev oss høve til å gå djupare i sentrale marxistiske emne. Om du har hug til å

studera den politiske økonomien eller den historiske materialismen, vil ein studiering vera ein god innfallsport. I tillegg tek vi opp imperialismen og det nasjonale spørsmålet, kvinnekamp, sosialisme og kommunistisk organisering. Du treng ingen serskilte forkunnskapar for å kunna vera med, og tilbodet er heilt gratis.

Slippen sendast til NKS, Pb 21 Haugerud, 0616 OSLO
Sjå elles folk.uio.no/kjellar for meir informasjon

Ja, eg vil gå ha meir informasjon om NKS ☐
Ja, eg vil gå på studiering ☐

Namn: _____

Adr: _____

Postnr: _____

-stad: _____

Tlf: _____

E-post: _____

Lærestad: _____